



## Møteprotokoll for Radøy eldreråd

**Møtedato:** 15.05.2019  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 12:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Norvald Elvik		Utvalsleiar
Magnar Klausen		Medlem
Oddbjørg Dragøy		Medlem
Berit Grindheim		Medlem
Torill Helland		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Laila Seilfaldet Pletten		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Else Marie Skartveit Dale		

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås i sak 010, kulturrådgjevar Bente K. Hervik i sak 010, møtesekretær Anne Dahle Austrheim

---

## Saksliste

Saksnr	Tittel
008/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste
009/2019	Godkjenning av møtebok
010/2019	Meldingar og referatsaker
011/2019	Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune - høyring i Radøy eldreråd
012/2019	Eldredag 2019

## 008/2019: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Behandling:

Eldrerådet godkjenning og saksliste

### Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

---

## 009/2019: Godkjenning av møtebok

### Behandling:

Eldrerådet godkjende møtebok for 5. mars.

### Vedtak:

Møtebok for 5. mars vert godkjend.

---

## 010/2019: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Alver kommune - orientering: Rådmann Jarle Landås orienterte om status og framdrift i bygging av Alver kommune. Han sa at det er krevjande å bygga ny kommune og samtidig drifta eksisterande kommune. Rådmannen framheva at Radøy driv nøktern med relativt små ressursar, og då vil det vera utfordrande når det også skal brukast betydelege ressursar til arbeidet med Alver kommune. Han peika på at det er mange prosjekt igang i bygginga av Alver, og sa at prosessen er i god rute. Rådmannen viste også til at det er kontorarbeidsplassane som vil bli flytta, men at tenestene blir stort sett som i dag. På spørsmål om det kommunale kjøkkenet på Velferdssenteret blir verande, svara rådmannen at kjøkkenet er omtalt i intensjonsavtalen for Alver kommune. Han sa at kjøkkenet driv godt og at mange er glad i dette tilbodet. Men det er fleire kommunale kjøkken i Alver, og rådmannen la til at det kan vera eit spørsmål om kor lenge Alver kan driva med fleire.

Rådmannen svara også på spørsmål knytt til Aufera. Han viste til at det er fleire "konkurrerende" verksemder i Alver. Han opplyste at Aufera vil vera ein del av eigarskapsmeldinga som fellesnemnda for Alver skal drøfta. Han sa at Aufera vil styrka seg ved å få nye lokale. Rådmannen gjorde det også klart at brannstasjonen blir verande på Manger, og etter kvart i nybygg. Det vart også spurd om råda sin rolle fram til 1. januar 2020. Rådmannen svara at han skal ta dette spørsmålet opp i saksførebuande utval i Alver for å få ei avklaring.

Rådhuset på Manger: Rådmann Jarle Landås orienterte om planane for framtidig bruk av rådhuset på Manger. Det vert lagt opp til at kulturskulen (med øvingsrom), frivillegsentralen og biblioteket skal inn i bygget. Det skal også vera innbyggjar-rettleiing i bygget, og det er også lagt opp til ein del fleksible kontorarbeidsplassar, t.d. for landbrukstenesta og andre kommunale funksjonar som kan ha kontordagar her. Kinosalen skal oppgraderast, og i den samanheng er det nødvendig med å få gjort tiltak for å få bukt med vasslekkasje. Arbeidsgruppa som har sett på bruk av rådhuset, meiner øvingslokale for korps ikkje lar seg kombinera med biblioteket sine plassbehov. Rådmannen si vurdering er at det kan vera aktuelt med eit tilbygg som øvingslokale. Rådmannen informerte også om oppgraderinga av prestegardshagen - som han meiner er ei perle med stort potensiale, og som også er knytt til den nye turløypa på Manger. Det vart også peika på utfordringa med nok tilgjengeleg parkeringsareal.

Kultur- og aktivitetsprogram i Alver: Kulturrådgevar Bente K. Hervik orienterte om det fyldige kultur- og aktivitetsprogrammet som Alver. Ho trekte fram nokre av dei allsidige aktivitetane, som t.d. den populære stolpejakta.

Eldrerådet tok melding og referatsaker til orientering.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

011/2019: Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune - høyring i Radøy eldreråd

Behandling:

Eldrerådet er opptatt av at det i første periode i Alver kommune er viktig å sikra representasjon frå alle dagens tre kommunar. Rådet meiner også at leiar i rådet bør vera ein av representantane frå brukar- og interesseorganisasjonane.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

- Det er viktig at eldrerådet i Alver kommune i første periode vert sikra representantar frå alle dei tre kommunane - tilsvarande ved val av varafolk.
- Leiar og leiar i eldrerådet vert valde av rådet, og leiaren bør vera ein av representantane frå brukar- og interesseorganisasjonane.
- Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at at ein kan koma med uttale og tilråding før politiske vedtak vert gjort.

Eldrerådet vedtok framlegg til uttale, sett fram i møtet.

Vedtak:

- Det er viktig at eldrerådet i Alver kommune i første periode vert sikra representantar frå alle dei tre kommunane - tilsvarande ved val av varafolk.
- Leiar og leiar i eldrerådet vert valde av rådet, og leiaren bør vera ein av representantane frå brukar- og interesseorganisasjonane.

- Eldrerådet må bli tidleg involvert slik at at ein kan koma med uttale og tilråding før politiske vedtak vert gjort.

---

012/2019: Eldredag 2019

**Behandling:**

Eldrerådet vedtok framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Eldredagen vert markert i Radøy kommune tysdag 1. oktober 2019.

---